



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Digitalt

Dato: 10. juni 2024

Klokkeslett: 08:30-11:30

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 3. juni 2024

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 36/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 37/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 26.04.2024
- Sak 38/24 Økonomirapportering per 1. tertial 2024
- Sak 39/24 Kollektivprioritering på innfartsårer
- Sak 40/24 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – roller og ansvar
- Sak 41/24 Indikator for trafikkarbeid
- Sak 42/24 Kunnskapsgrunnlag for reforhandling
- Sak 43/24 Eventuelt: Byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 44/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 45/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 36/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 37/24 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 26.04.2024

Vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 38/24 Økonomirapportering per 1. tertial 2024

Vedlegg 2

Rapport fra første tertial er klar. Resultata blir presenterte i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 39/24 Kollektivprioritering på innfartsårer

Vedlegg 3

Rapport om kollektivprioritering på innfartsårene til Bergen vart levert frå konsulent 30. mai. Resultata har blitt presentert og diskutert i prioriteringsrådet. Rådet gav tilbakemelding på at det er uheldig at Trafikkplan sentrum, som er vedteken, ikkje har blitt lagt til grunn i berekningane av trafikkstraumar i sentrum. Vidare trakk prioriteringsrådet fram funnet om at den manglande avklaringa av praksis rundt start/slutt av kollektivfelt inne i tunnel, får store konsekvensar for Miljøløftet sitt geografiske område. Det er svært mange tunnelar dette vedgår. Prioriteringsrådet etterlyser ei avklaring av praksis for slike tilfelle.

Resultata blir presenterte i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 40/24 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – roller og ansvar

Vedlegg 4

Saka er ei oppfølging av styringsgruppa si sak 87/23 (møte 8/23), der vedtaket var: «Styringsgruppen ber om at sekretariatet i samråd med partene kommer tilbake til Styringsgruppen med forslag til rolle- og ansvarsbeskrivelse og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet. Forslaget skal ta utgangspunkt Vegdirektørens anbefalinger til felles rolle- og ansvarsbeskrivelser og årshjul for byvekstavtaler, og drøfting i møtet.»

Saka har blitt drøfta i prioriteringsrådet, i første omgang med vekt på gjennomgang av beskrivinga av roller og ansvar. Det er gitt forslag om nokre justeringar av anbefalingane frå Vegdirektøren (sjå vedlegg 4). Det er ikkje utarbeidd forslag til roller og ansvar for samordningsfunksjonen og arbeidsgruppene, ettersom det går føre seg ein gjennomgang av arbeidsgruppene sine oppgåver. Det er naturleg at også Samordningsfunksjonen og arbeidsgruppene får utarbeidd rolle- og ansvarsbeskrivingar. Forslag til årshjul vil bli lagt fram for styringsgruppa i september.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet stiller seg bak framleggget om roller og ansvar hos partane i Miljøløftet. Prioriteringsrådet kjem tilbake med forslag til rolle- og ansvarsbeskriving av arbeidsgruppene og samordningsfunksjonen til hausten.

Sak 41/24 Indikator for trafikkarbeid

Indikatoren trafikkarbeid er ein støtteindikator i byvekstavtalen som blir berekna basert på resultat frå Reisevaneundersøkinga (RVU). Det er Statens vegvesen som bereknar og rapporterer på Trafikkarbeid direkte til Samferdselsdepartementet. Normalt kjem resultata til denne indikatoren for seint på året til at den kan bli del av Miljøløftets årsmelding, og har derfor ikkje vore del av vår lokale vurdering av måloppnåing. Den kan likevel bidra til ei forståing av utviklinga, og ettersom dette er ein indikator som Samferdselsdepartementet vurderer Miljøløftet ut i frå, bør resultata frå denne også vere kjent lokalt.

Statens vegvesen presenterer indikatoren i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek resultata frå indikator for trafikkarbeid til orientering.

Sak 42/24 Kunnskapsgrunnlag for reforhandling

Det blir vist til omtale av reforhandling i forslaget til ny Nasjonal transportplan (NTP), som vart lagt fram frå Regjeringa 26. april. Det er i gang forhandlingar om NTP, og dei er per i dag ikkje avslutta. Statens vegvesen har tatt utgangspunkt i dei signala som er gitt om reforhandling, og førebur prosessen for å utvikle nye kunnskapsgrunnlag, som må vere på plass før reforhandling kan starte.

Statens vegvesen gir ei kort orientering i møtet om korleis ein slik prosess kan sjå ut.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.

Sak 43/24 Eventuelt byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 44/24 Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen

Saka er ei oppfølging av fleire saker, men særskilt etter styringsgruppa 9/23, sak 109/23 *Forslag til justering av takstane i bypakke Bergen*, der det vart gjort vedtak om at saka skulle takast opp igjen til våren, etter lokalpolitisk forankring. I møte 1/24, sak 18/24, skisserte Statens vegvesen ei tidslinje for justering av takstane, og viste at prosessen er anslått til å ta 6-15 månader. Til denne saka orienterte byråd Christine Kahrs om at ho vil fremje ei lokalpolitisk sak om justering av bompengetakstar, med håp om handsaming i bystyret i mai.

Fylkestinget fatta i mars følgande vedtak: «*Fylkestinget samtykker i at bompengepakkar i Vestland kan redusere rabatten for lette nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på inntil 30 prosent av ordinær takst, både i eksisterande og framtidige bompengepakkar, gitt at prosjektkommunen(ane) gjer tilsvarende vedtak.*»

Bergen kommune orienterer om status i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen tek saka til orientering og ber om å få lagt fram sak til vedtak i styringsgruppemøte så snart som mogeleg.

Sak 45/24 Eventuelt bypakke Bergen